



### Nytt tilbod til menneske med langvarige, ikkje vondarta smerter

Langvarige ikkje-maligne smerter er eit utbrettet helseproblem som råkar 25-30 % av befolkninga. Einskilde kroniske sjukdomar er assosiert med vedvarande smerte, medan smerte andre gonger opptrer utan kjent sjukdomsårsak.

Langvarige smerter gir for dei alle fleste funksjonsfall og vanskar ut over det som direkte kan relaterast til smertekjelda, og dei mest kompliserte problemstillingane krev samarbeid mellom fagpersonar med ulik kompetanse for å kunne ivareta breidda i utfordringsbiletet.



Helse Førde HF har no starta eigen [«smertepoliklinikk»](#) som er lokalisert til [Sunnfjord Medisinske Senter](#) i Florø. Tilboden er tenkt å vere fylkesdekkande. Målgruppa er menneske med smerteplager av kronisk karakter, eller fare for kronifisering. Målsettinga er å lindre smerter og/eller gi betre smertemestring. «Smertepoliklinikken» er etablert i samsvar med tilrådingar frå ei prosjektgruppe som har vore samansett av likeperson, praksiskonsulent, og representantar frå kommunehelsetenesta, NAV, [Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter](#) og ulike fagoråde i Helse Førde HF.

Organisering, drift og bemanning er i samsvar med nasjonale retningsliner og tilrådingar, og nyttar velkjente og anerkjente metodar for undersøking og tiltak. Vi freistar å imøtekommе den einskilde sine ønsker og behov med tilbod om systemisk arbeid og ambulante tenester, seier psykolog og seksjonsleiar Are Mikael Lillebø.

### Saman om innovasjon og utvikling

For å nærme seg dei framtidige utfordringane i helse- og sjukheussektoren, vil forsking, innovasjon, kommersialisering og næringsutvikling vere viktige fokusområder. Helseføretaka har fått i oppdrag frå Helse Vest RHF å arbeide aktivt med innovasjon, og ein tar mål av seg å auke tal nyvinningsprosjekt.




I Sogn og Fjordane tenker vi at den beste måten å møte framtida, er å skape den sjølv. For å fremje innovasjonsarbeidet i fylket, har [Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane](#), [Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde](#) og [Helse Førde HF](#) gått saman om å tilsette Joachim Vie (Sjå vedlagde bilete tatt av David Zadig) i ei toårig prosjektstilling. Formelt er stillinga knytt til Kunnskapsparken, men dei tre organisasjonane delar på utgiftene.

Vie skal arbeide med innovasjon og forretningsutvikling. Viktige oppgåver vil vere knytt til implementering av [Helse Vest sin innovasjonsstrategi](#), intern og ekstern kommunikasjon, utvikle og følge opp [idemottaket](#), delta i [Regionalt innovasjonsforum](#), og sist men ikkje minst arbeide for å vidareutvikle innovasjonsarbeidet i samarbeid med Høgskulen, Kunnskapsparken og Helse Førde HF.

«*Det blir viktig å stimulere innovasjonskulturen for å skape eit miljø for nyskaping der alle spelar saman for å gjere kvarandre gode ! Joachim tilfører oss mykje energi og entusiasme. Vi i seksjon for Forsking og Utvikling er glade for at han er ute etter nye utfordringar*», seier seksjonsleiar Taryn Malkhassian.

Joachim Vie tiltrer i funksjonen frå og med august 2017. Han er pr. i dag dagleg leiar og prosjektleiar i reklamebyrået [Rein Design](#). Den nye innovasjonsmedarbeidaren har grunnutdanning som journalist, og har ein bachelorgrad i økonomi og organisasjon med spesialisering innan rekneskap og forretningsutvikling. Han har brei erfaring frå mellom anna arbeid knytt til marknadsføring, fotografering, prosjektutvikling, journalistikk og arbeid i trafikkskule.



## NORSE med eiga nettside

Eit norsk feedbacksystem for persontilpassa behandling innan psykisk helsevern er utvikla i Helse Førde. Systemet har namnet NORSE (Norwegian Outcome Response System for Evaluation), og er det einaste i verda som aktivt lærer av og tilpassar seg den enkelte pasienten. Systemet brukast no i Helse Førde. NORSE er fullelektronisk og måler rusavhengighet og psykisk helse, pasienten sine ressursar og korleis han eller ho opplever alliansen med behandlaren sin undervegs i behandlinga. Systemet har no fått si eiga [nettside](#).

NORSE inviterer pasientane til å sjølvrapportere om korleis dei har det og kva behov dei har i behandlinga. Dette vert gjort på nettbrett før kvar behandlingstid, eller ein gang i veka på sengepost. Verktyet lærer aktivt av svara til den einskilde, og tilpassar skjemaet dynamisk utover i prosessen.

Ved samval kan verktyet brukast til å gjere endringar i behandlingsfokus, og kan brukast slik at den det gjeld kan medverke meir i behandlinga. Systemet er utvikla på bakgrunn av forsking på behova til pasientar, klinikarar og forskarar.



## Oppstartsmøte for betre antibiotikabruk

[Nasjonal handlingsplan mot antibiotikaresistens i helsetjenesten](#) legg føringar for tiltak for betre antibiotikabruk i kommunale helseinstitusjonar. [Antibiotikasenteret for primærmedisin](#), [Helse Førde HF](#) og [Fylkesmannen i Sogn og Fjordane](#) inviterer derfor dei kommunale institusjonane med heildøgns pleie- og omsorg i Sogn og Fjordane til eit [tverrfagleg oppstartsmøte for betre antibiotikabruk](#) tirsdag 26. september.

Føremålet med møtet er å hjelpe institusjonane å kome i gang med arbeidet for betre bruk av antibiotika. Målgruppa er tilsette ved heildøgns institusjonar som har, eller vil få roller og oppgåver knytt til bruk av antibiotika.